



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
24/3810-7

Dato
30 januar 2025

Tildelingsbrev 2025 – Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortingets behandling av Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Prop. 1 LS (2024–2025), jf. Innst. 13 S (2024–2025), Innst. 3 S (2024-2025) og Innst. 5. S (2024–2025), og vedtak fra Stortinget 14., 13. og 19. desember 2024.

Departementet gir i tildelingsbrevet Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2025, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til Nkom og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Nkom i 2025, jf. oppdatert hovudinstruks fastsett 30. januar 2025.

Vi ber Nkom ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester blir stadig viktigare for samfunnet, i takt med aukande digitalisering. Nkom skal arbeida for å sikra eit robust, likeverdig, rimeleg og framtidretta tilbod av posttenester, elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester og datasentertenester i heile landet. Nkom har følgjande hovudprioriteringar for 2025:

1. Foreslå og gjennomføra nødvendige tiltak for å vareta kravet om sikre og robuste nett og -tenester i heile landet.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for IT- og
forvaltningspolitikk

Saksbehandler
Eirik Hildal
22 24 81 84

2. Førå vidare arbeidet med å leggja til rette for auka konkurranse i marknadane for elektronisk kommunikasjon, samtidig som omsyna til investeringar og kostnadseffektiv utbygging av fastnett og mobilnett med høg kapasitet i heile landet blir vareteke.
3. Vere ein pådrivar for berekraft, innovasjon og verdiskaping innan elektronisk kommunikasjon, tilhøyrande utstyr, tenester og datasenter.
4. Vere ein pådrivar for gjennomføring av mål og tiltak frå *Fremtidens digitale Norge - Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024-2030* og Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, brebånds- og internettjenester*.
5. Ta ei aktiv rolle i arbeidet med førebuingar til og gjennomføring av nye reguleringar knytt til digitale tenester, dataøkonomi og kunstig intelligens.
6. Arbeida med å leggja til rette for auka konkurranse i postmarknaden.
7. Ta ei aktiv rolle i arbeidet med oppfølginga av rapporten frå postutvalet, gjennom mellom anna å hjelpa Samferdselsdepartementet i eit eventuelt lovarbeid.

3. Mål for 2025

Relevante hovudmål for Nkom basert på statsbudsjettet for 2025 er:

1. Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga.
2. Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping, berekraft og innovasjon i offentleg og privat sektor.
3. Eit godt og likeverdig posttilbod over heile landet.
4. Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet.

For å støtta opp under desse hovudmåla, er det sett følgjande delmål for Nkom for 2025:

1. Brukarane har tilbod om sikre, robuste og pålitelege datasentertenester, posttenester og ekomnett og -tenester i heile landet.
2. Brukarane i heile landet har tilbod om framtidsretta nett og tenester til rimelege prisar.
3. Avgrensa ressursar blir utnytta effektivt.
4. Fotavtrykket frå den digitale infrastrukturen på klima og natur er redusert, og ekomsektorens bidrag til å nå berekraftsmål i andre sektorar er auka.

Alle oppdrag der det er behov for nærare avklaringar av innhald eller fristar, skal diskuterast nærare i styringsdialogen.

3.1 Brukarane har tilbod om sikre, robuste og pålitelege datasenter-tenester, posttenester og ekomnett og -tenester i heile landet

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal arbeida for at alle som er avhengige av elektronisk kommunikasjon og datasenter har tilbod om tenester med forsvarleg sikkerheit i fred, krise og krig. Nkom skal også leggja til rette for pålitelege posttenester og tilstrekkeleg sikkerheit i postnettet.

Nkom skal arbeida for å styrkja kunnskapen om og tilliten til elektroniske kommunikasjonstenester og datasentertenester. Nkom skal ha oversikt over sikkerheitstilstanden, og føra vidare, foreslå og gjennomføra nødvendige tiltak for å vareta kravet om forsvarleg sikkerheit i datasenter, ekomnett- og tenester. Dette inkluderer mellom anna risiko- og sårbarheitsanalysar, og gjennomføring av tiltak i sårbare regionar og implementering av forsterka ekom i nye kommunar. Nkom skal også arbeide for å sikre eit forsvarleg vern av kommunikasjon og data.

Arbeidet med tillit inkluderer også å arbeida for at ulike brukargrupper har god og lett tilgjengeleg informasjon om digital svindel, å leia nasjonal ekspertgruppe mot digital svindel og å bidra i internasjonale arbeidsgrupper på området.

Nkom skal sikra at brukarar av posttenester har tilgang på god og lett tilgjengeleg informasjon om gjeldande regelverk for postområdet. Vidare skal Nkom sørge for oppdatert informasjon om kva aktørar som blir rekna som tilbydarar av posttenester og halda arbeidet fram med å registrera relevante tilbydarar. Nkom skal arbeida med å leggja til rette for konkurranse i postmarknaden gjennom marknadsovervaking og -regulering. Nkom skal vurdere bidraget sitt i arbeidet med å sikra at brukarar over heile landet har tilgang til posttenester med forsvarleg sikkerheit i fred, krise og krig. Vidare skal Nkom aktivt fremja forankra norske posisjonar og interesser i relevante internasjonale fora, både globalt og europeisk, mellom anna i samband med den 28. kongressen i Verdenspostforeningen som skal haldast hausten 2025. Nkom skal vidare vera ein pådrivar for ein revisjon av postdirektivet.

Nkom skal styrkja samarbeidet med andre tryggingssmiljø og tilbydarar innan cybersikkerheit for å oppnå eit breiare samarbeid om handteringa av digitale truslar, hendingar og trendar relevant for sektoren.

Nkom skal også greia ut behovet for å føra vidare arbeidet, som i dag blir gjort i samarbeid med Norsk romsenter (NRS), med vern av relevante radiofrekvensar mot skadeleg interferens. Dette særskilt med tanke på den aukande og samfunnsviktige bruken av globale satellittbaserte system for navigasjon og posisjonering (GNSS), under dette presis sporbar tidsreferanse.

Styringsparameterar

- Beskriving av gjennomførte tilsyn i post- og ekom- og datasentersektorane
- Tiltak for å fremja tillit til ekomtjenester- og nett, inkludert talet på hindra svindelforsøk ved bruk av ekomtjenester (spoofing, phishing osv.)
- Sikkerheit og tilgjengelegheit i mobil- og fastnett. Nkoms vurdering av og rapportering på sikkerheiten og tilgjengelegheita i mobil- og fastnett skal baserast på tilgjengeleg statistikk og data, og skal innehalda ei skildring av status og av Nkoms bidrag.

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
1	Gjennomføre tilsyn med plikta til eintydig identifisering etter ekomloven, og leia arbeidsgrupper mot digital svindel.
2	Arbeida vidare med tiltak som er identifisert i planverket for sikker og robust ekominfrastruktur.
3	Følgja opp det sektorvise tilsynsansvaret og kravstilling etter ekomloven og sikkerhetsloven, særleg med tanke på den nye tryggingsspolitiske situasjonen
4	Styrke samarbeidet mellom kraft- og ekomsektoren, mellom anna for gjensidig prioritering og raskare gjenoppretting ved utfallshendingar
5	Nkom skal greia ut moglegheit for synergjar knytt til PostCert, DatasenterCert, CRA-Cert, eIDAS-Cert, NIS2-cert funksjonar
6	Gjennomføre tilsyn med posttilbydarars postnett for å sikra eit påliteleg og forsvarleg tilbod av posttenester
7	Lede ekspertgruppe for nødnummertjenestene
8	Greia ut vidareføring av arbeid etter samarbeids-/prosjektperiode med NRS innan interferensvern og robusthet i GNSS
9	Greia ut behovet for ein robust, nøyaktig og sporbar tidsreferanse, og vurderer alternativ for å realisera ei nasjonal tidsteneste uavhengig av GNSS
10	Hjelpe Samferdselsdepartementet i førebuingane fram mot den 28. kongressen i Verdenspostforeningen
11	Vurdere rolla si i arbeidet med å sikra posttenester med forsvarleg sikkerheit i fred, krise og krig

3.2 Brukarane i heile landet har tilbod om framtidsretta nett og tenester til rimelege prisar

Nkom skal føra vidare arbeidet med å leggja til rette for auka konkurranse, investeringar og kostnadseffektiv utbygging av fastnett og mobilnett, jf. hovudprioritering nr. 2 for 2025, slik at sluttbrukarar opplever auka valfridom.

Nkom skal leggja til rette for at breibandkundane i Noreg har gode moglegheiter for å velja mellom tilbod om fast breiband med høg kapasitet til rimeleg pris. Dette inkluderer mellom anna å følgja utfasinga av den gjeldande marknadsreguleringa av Telenor kobbernett tett, og å slutføra den pågåande runden med vurdering av ny regulering av grossistmarknader for fast breiband. Vidare skal Nkom vurdere bruk av nye verktøy for grossisttilgang etter ny ekomlov, og følgja opp nye sluttbrukarrettar etter ny ekomlov. Nkom skal vurdere nye verktøy for å oppnå målet om berekraftig konkurranse. Nkom skal i arbeidet med å leggja til rette for auka konkurranse i breibandsmarknadene ha tett dialog med bransjen og ulike interessentar.

Nkom skal leggja til rette for tre fullverdige og konkurransedyktige mobilnett, som skal kunna konkurrera både i bedrifts- og privatmarknadene. Marknadsvedtaket frå 2024 signaliserer ein avsluttande reguleringsperiode i mobilmarknaden. Dette set krav til Nkoms oppfølging av konkurranseutviklinga. Felles bruk av passiv infrastruktur har vore ein viktig føresetnad for

utbygging av parallelle mobilnett. Eigarskap og selskapsstrukturar for master og tårn har endra seg dei siste åra, og det er avgjerande at Nkom også følger denne delen av marknaden tett. Nkom skal bidra til at teknologiomlegging, og spesielt den annonserte utfasinga av 2G-nettene til Telia og Telenor, blir gjennomført på ein smidig måte som avgrensar ulempa for brukarane.

Regjeringas nye digitaliseringsstrategi hevar ambisjonsnivået for tilgang til høgfartsbreiband. Nkom skal setja i verk tiltak for å fremja at måla i strategien blir nådde, under dette notifisera ei ny ordning til ESA som heimlar bruk av statsstøtte for å fremja dette målet. Nkom skal vidare følgja opp fylkeskommunane med nødvendig bistand for å leggja til rette – og vera ein pådrivar – for at løyvde midlar til breibandsutbygging effektivt skal nyttast innanfor gjeldande rammes. Vidare skal Nkom gi generell rettleiing til offentleg sektor og marknadsaktørar om reglar for offentleg støtte til mobil- og breibandsnett.

Nkom skal vera ein pådrivar for digital inkludering ved å gjennomføra tiltak som fremjar inkluderande ekomtjenester, både ved å følgja opp føresegner i ny ekomlov om likeverdig tilgang til ekomtjenester og gjennom dialog med bransjen.

Nasjonale digitaliseringsstrategi beskriv at regjeringa vil «gjennomføra vedteke EØS-relevant EU-regelverk raskt». Nkom skal ta ei aktiv rolle i arbeidet med nye reguleringar knytt til digitale tenester, dataøkonomi og kunstig intelligens og føra vidare samarbeid og dialog mellom styresmakter og marknadsaktørar på internettområdet. Nkom skal saman med andre ramma styresmakter jobba for ei rask gjennomføring av internettrelatert lovverk. Dette inkluderer DSA, DMA, Data Governance Act, Data Act, Artificial Intelligence Act, NIS2-direktivet, Cyber Resilience Act og eIDAS-forordningen.

Saman med Samferdselsdepartementet skal Nkom i 2025 følgja opp tilrådingar og tiltak postutvalet har lagt fram i rapporten sin.

Styringsparameterar

- Geografisk dekning av høgfartsbreiband
- Geografisk dekning av mobilnett, og spesifikt om 5G-dekning
- Konkurransen i mobil-, breibands- og postmarknadene
- Tiltak for å fremja inkluderande ekomtjenester
- Beskrivelse av tiltak for å bidra til smidig overgang til ny teknologi

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
12	Bidra til god og effektiv innføring av nytt ekomregelverk gjennom rettleiing, tilrettelegging og tilsynsførsel
13	Utvikle eit formålstenleg verktøy for priskontroll av tilgang til faste breidbandsnett
14	I samråd med DFD og fylkeskommunane, gjennomføra notifikasjon av ny ordning for breidbandstilskot i Noreg, basert på måla som er lagde fram i digitaliseringsstrategien. Ny ordning skal gjelda seinast frå 2026 eller tidlegare viss dette lèt seg gjera. Det skal vurderast om og eventuelt korleis støtte til mobildekning (arealdekning) kan inkluderast i ordninga
15	I arbeidet med tilskotsordninga til breiband, vera ein pådrivar overfor fylkeskommunane til effektiv bruk av tildelte midlar og der det er formålstenelig, og med utgangspunkt i Nkoms kompetanse og tilgjengeleg datagrunnlag, foreslå hensiktsmessige utbyggingsprosjekt for fylkeskommunane
16	Gjennomføre en fullstendig kartlegging av hvilke adresser som kan bli stående uten en akseptabel bredbåndsforbindelse som følge av at kobbernettet legges ned 2. september, og foreslå konkrete tiltak for å hindre dette. Frist: 15. mars 2025.
17	Føre tilsyn med at utfasing av 2G-mobilnettet blir gjennomført i tråd med lov og forskrift, kartlegge viktige løysingar/funksjonar som framleis er avhengige av 2G-nett, og forsikre seg om at aktørane som er ansvarlege for desse løysingane/funksjonane har ein plan for overgang til anna og framtidretta teknologi før 2G-nettet blir slått i 2027.
18	Sørge for at bredbåndskunder har tilgang til prissammenligningstjeneste for bredbånd, i nærmere dialog med departementet.
19	Gjennomføre tiltak som fremjar inkluderande ekomtjenester, under dette delta i Samarbeidsforum for digital inkludering og leia bransjeforum for inkluderande Ekomtjenester
20	Bidra til effektiv innføring av nye reguleringar i EU knytt til digitale tenester, dataøkonomi og kunstig intelligens
21	Følgje opp Digital Services Act i henhold til beslutningar fra departementet.
22	Hjelpe Samferdselsdepartementet i lov- og forskriftsarbeid på postområdet i tråd med tilrådingar frå postutvalet

3.3 Avgrensa ressursar blir utnytta effektivt

Nkom skal leggja til rette for vidare utbygging av mobilkommunikasjon, inkludert 5G, ved at aktørane kan ta i bruk relevante frekvensressursar når dei ønskjer det. Nkom skal arbeida for at frekvensar, nummerseriar, domenenamn og IP-adresser blir forvalta og blir tildelte med sikte på ein mest mogleg effektiv og berekraftig utnytting av desse avgrensa ressursane. Dette for å leggja til rette for konkurranse, samfunnsviktige investeringar, innovasjon og næringsutvikling.

Styringsparameterar

- Frekvensløyve til brukarar som vil testa ny teknologi for innovasjon og næringsutvikling.
- Tilrettelegging for at frekvensband for mobilkommunikasjon og 5G kan takast i bruk når marknaden ønskjer det.
- Løyver utskrive i 3,8-4,2 Ghz-bandet.
- Bruk av norske nummerressursar i lovleg verksemd.

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
23	Nkom skal i samarbeid med Samferdselsdepartementet førebu Noregs deltaking på verdspostunionens (UPU) kongress i Dubai i september 2025
24	Nkom skal innretta arbeidet mot svindel slik at misbruk av norske nummer, såkalla spoofing, blir redusert
25	Følgja opp dekningsforpliktingar i frekvensløyve for mobilkommunikasjon
26	Tildele frekvensbåndet 1500 MHz innan utgangen av 2025
27	Fortsette arbeidet med vurderingar knytt til utnyttinga og tildeling av 2,3 GHz-båndet
28	Følgja opp den planlagde tildelinga av 26 GHz-båndet

3.4 Fotavtrykket frå den digitale infrastrukturen på klima og natur er redusert, og ekomsektorens bidrag til å nå berekraftsmål i andre sektorar er auka

For det norske velferdssamfunnet og ein berekraftig økonomi, er det avgjerande å lykkast med den digitale og grønne omstillinga – òg kalla digital berekraft. Dette er eit prioritert satsingsområde i Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030.

Ein ressurs- og energieffektiv digital infrastruktur med lågt klima- og naturfotavtrykk er ein føresetnad for berekraft i andre sektorar. I samarbeid med Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet gjennomfører Nkom ein analyse av korleis digital infrastruktur påverkar klima og natur. Analysen gir ein status for 2024, og forventta utvikling fram mot 2030 og 2050. Basert på fotavtrykkanalysen skal Nkom utvikla/pilotera ein betaversjon av «Digital for Sustainability Index» (the D4S Index), som viser nasjonal status for digital berekraft.

Ny ekomlov og ei rekkje relevante EU-regelverk kan påverka føresetnadene og leggja til rette for digital berekraft. Internasjonale institusjonar som BEREC, ITU og andre, er viktige for utvikling av felles standardar og avtaler. Nkom skal delta og bidra med synspunkt i tråd med norsk politikk, i relevante internasjonale forum for digital berekraft.

Ved å identifisera, utvikla og gjennomføra konkrete målsetjingar, tiltak og verkemiddel, skal Nkom styrkja føresetnadene for gjennomføringa av den prioriterte satsinga i digitaliseringsstrategien på digital berekraft.

Styringsparameterar

- Beskrive tiltak og aktivitetar for å redusera foravtrykket den digitale infrastrukturen har på klima og miljø
- Rapportere på indeks for digital berekraft
- Rapportere på identifiserte juridiske plikter, rettar og moglegheiter relevant for arbeidet med digital berekraft

Oppdrag

Nr	Oppdragsbeskriving
29	Utvikla og lansera ein betaversjon av indeks for digital berekraft
30	Arbeida for auka tverrsektorielt samarbeid, under dette med energistyresmaktene på energirelatert berekraft i digital infrastruktur
31	Utføra ein gjennomgang av relevant regelverk, under dette relevant EØS/EU regelverk, for å identifisera og arbeida med dei mest relevante juridiske pliktar, rettar og moglegheiter for digital berekraft
32	Delta i BEREC Sustainability Working Group, og aktivt vurdera deltaking i dei mest relevante globale forum, som ITU
33	Nkom skal, i samarbeid med bransjeaktørane, jobbe for styrkte offentleg-privat samarbeid på digital berekraft, mellom anna leggja til rette for ny teknologi, innovasjonsprosjekt og bransjeavtalar

4. Andre føresetnadar og krav

4.1 Fellesføringar 2025

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemdar skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2025 samanlikna med rapporteringa si for 2024.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal i årsrapporten for 2025 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Etaten skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

4.2 Førebuing til innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS)

Nkom skal gå over til å føre rekneskap etter periodiseringsprinsippet i høve til dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) frå 1.1.2026. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) vil støtte med rettleiing og kompetansetiltak i innføringsperioden. Det er naudsynt at Nkom set av tilstrekkeleg med ressursar til innføring av SRS. Gjennom heile innføringsperioden er det naudsynt med god dialog med departementet, mellom anna om ambisjonsnivå, bruk av periodisert rekneskapsinformasjon som grunnlag for styringsinformasjon for departementet, og ulike konkrete problemstillingar knytt til etablering av opningsbalansen samt prising eller anna finansiering av verksemdas tenester.

4.3 Samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og Datatilsynet

Dei siste åra har EU vedteke nytt regelverk på det digitale området. Fleire av regelverka legg opp til at rettleiing og tilsyn kan delast mellom fleire nasjonale organ. Både Digitaliseringsdirektoratet, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Datatilsynet har, eller må rekne med å få, oppgåver etter fleire av disse regelverka. Nokre oppgåver kan vere til dels overlappende. I 2025 skal dei tre etatane ytterlegare styrke dialogen og samarbeidet om fagområde der to eller alle har eller vil få ansvar og oppgåver. Eksempel på slike område er deling av data, kunstig intelligens og informasjonssikkerheit.

Dei tre etatane skal saman utarbeide eit forslag til rammer for samarbeidet. Frist 2. mai 2025.

4.4 Styrke varslingskanalane for varsling av potensiell tryggingstruande maritim aktivitet

Nkom skal hjelpe til å forbetra innrapportering av potensiell sikkerheitstruande maritim aktivitet, og dermed bidra til EOS-tenestene og dei relevante sivile styresmaktene si situasjonsoversikt. Nkom skal gjera eigne varslingskanalar betre kjend innan ekomsektoren, formidla at kanalane kan nyttast til varsling av potensiell sikkerheitstruande maritim aktivitet og gi informasjon om kva som kan vera varslingsverdig. Informasjon kan utarbeidast i samråd med EOS-tenestene. Relevante varslingskanalar skal vera brukarvennlege, og det skal givast stadfesting til varslarar om at varsel er motteke og vil bli vurdert. Nkom blir òg bedt om å sikra at det er gode rutinar for å formidla varsel vidare til relevante styresmakter.

4.5 Internet Governance Forum 2025

Noreg skal arrangera Internet Governance Forum 2025 - det største FN-møtet som nokon gong er arrangert i Noreg, 23-27 juni 2025. Fleire tusen deltakarar frå heile verda vil samlast til IGF i Noreg for å utveksla kunnskap, byggja samarbeid og i fellesskap handtera viktige spørsmål knytt til utviklinga av internett. Styresmakter, privat sektor, sivilsamfunn, akademia, tekniske ekspertar og internasjonale og mellomstatlege organisasjonar skal i fellesskap diskutera og sette premissane for internettet i framtida, og deltakarane skal markera 20-årsjubileet i forumet. IGF går over fem dagar med fleire hundre ulike foredrag, møte og workshops organisert under nøye utvalde hovudtema. Det er estimert om lag 4000 fysiske deltakarar og tilsvarande tal på digitale deltakarar på Internet Governance Forum 2025. Alle interessantar er inviterte til å delta og bidra i forumet, og norske aktørar har høve til å framheva norske løysingar og synspunkt.

DFD leiar IGF 2025-prosjektet i samarbeid med NFD, KUD og UD. DFD ber om at Nkom deltek i prosjektet med to fulltidsstillingar frå 1. januar 2025 til slutten av juli 2025. Stillingane vil omfatte oppgåver knytt til planlegging, gjennomføring og fagleg støtte i samband med IGF 2025. Det er ønskjeleg med ressursar som har erfaring innan internett og internettforvaltning. DFD vil i samråd med Nkom avklare dei spesifikke arbeidsoppgåvene.

5 Budsjettløyvingar

5.1 Budsjettrammer 2025

I tråd med Stortingets vedtak blir tildelt utgifter og blir fastsett inntekter for Nkom i 2025 som følger:

Utgifter

Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet		(tall i tusen kr)
Post	Betegnelse	Budsjett
01	Driftsutgifter	273 781
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	17 646
70	Telesikkerhet og -beredskap, <i>kan overføres</i>	195 136
71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overføres</i>	5 975
	Sum kap. 1543	492 538

Løyvinga på kap. 1543, post 01 er auka med 2,4 mill. kroner til å dekkja anslått kontingent for deltaking i Body og European Regulators for Electronic Communications (BEREC) i 2025. Dette er eit svært viktig organ for Noregs moglegheit til å påverke utviklinga og praktiseringa av det felleseuropeiske regelverket for ekom. Løyvinga er vidare auka med 3,9 mill. kroner til at Nkom etter ny ekomlov får eit nytt ansvar for datasenter.

Løyvinga på kap. 1543, post 45 skal mellom anna brukast til måleutstyr til tilsynsverksemd på frekvensområdet, vidareutvikling av Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sine IT-løysingar og -utstyr, og utvikling av analysemodellar som brukast i arbeidet med reguleringa av marknadane.

På kap. 1543, post 70 skal midlar mellom anna gå til beredskapsavtalar, forsterka ekom i nye kommunar, styrking av infrastrukturen i sårbare regionar, mobilbasert befolkningsvarsling og tiltak knytt til Svalbard.

Det skal etablerast ei innkjøpsordning for funksjonell internettilgang. Rammene for ordninga vil bli fastsette i forskrift om innkjøpsordning for funksjonell internettilgang, der det vil komma fram at formålet er å sikra at alle privatpersonar og små- og mellomstore bedrifter som ikkje har tilbod om funksjonell internettilgang, kan få støtte til etablering av tilgang til slik teneste. Nkom skal forvalta ordninga i samsvar med forskrifta. Nkom skal òg ha ansvar for å sikra at bruken av midlane skjer i samsvar med EØS-regelverket for offentleg støtte, og skal forvalta ordninga innanfor løyvinga på kap. 1543, post 71. Midlar til å administrera ordninga er løyvd på kap. 1543, post 01

Inntekter

Kap. 4543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet		(tall i tusen kr)
Post	Betegnelse	Budsjett
01	Diverse gebyrer	334
70	Inntekter fra gjennomførte frekvensauksjoner	887 100
	Sum kap. 4543	887 434

På kap. 4543 er det budsjettert med 334 000 kroner i gebyrinntekter, som i hovudsak består av gebyr knytt til løyve for radioamatørar og gebyr for radioutstyr i luftfartøy.

På kap. 4543, post 70 skal inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar førast. Alle vinnarane i auksjonen av frekvensbanda omkring 2,6 og 3,6 GHz til mobilkommunikasjon og 5G som vart halden i september 2021 valde å betala auksjonsprovenyet over tid. Anslått inntekt i 2025 frå denne auksjonen er 583,6 mill. kroner. Mobilselskapet Ice fekk i 2020 utsett betalinga av uteståande auksjonsproveny frå auksjonen av frekvensar i 700 MHz- og 2,1 GHz-banda i 2019, jf. omtale i Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021*. Provenyet frå auksjonen i 2019 på 303,5 mill. kroner skal betalast i 2025

Kap. 5579 Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

(tall i tusen kr)

Post	Betegnelse	Budsjett
70	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	295 614
	Sum kap. 5579	295 614

Sektoravgiftene og gebyra skal i hovudsak dekke Nkom sine utgifter som er budsjettert på kap. 1543, postane 01 og 45, og meirverdiavgift på kap. 1633, post 01. Sektoravgifter for å dekke kostnadane med å administrere ordninga for å tildele 5-sifra nummer, blir òg inntektsført på denne posten.

Løyvinga på posten er auka med 6,3 mill. kroner slik at Nkom kan følge opp nye ansvarsområde knytte til datasenter og betale kontingent for deltaking i BEREC, jf. omtale under kap. 1543, post 01.

5.2 Tildeling av midlar på andre budsjettkapittel

5.2.1 Bærekraftsanalyse

Av supplerande tildelingsbrev nr. 3 for 2024 går det fram at departementet legg opp til å bidra til arbeidet Nkom gjer med ein analyse av korleis digital infrastruktur påverkar klima og miljø. Prosjektet starta i 2024 og held fram i 2025.

Nkom blir med dette tildelt 1 219 000 kroner over kap. 1541, post 22 som bidrag til den analysen.

Nkom står for den praktiske gjennomføringa, og DFD ber om å bli halde orientert om arbeidet og resultatata. Kontaktperson i DFD: Jarl Kristen Fjerdingby.

5.2.2 Indeks for netto berekraft frå digitalisering

Av dette tildelingsbrevet går det fram at Nkom skal utvikla og lansera ein betaversjon av indeks for digital berekraft i 2025.

Nkom blir med dette tildelt 3 000 000 kroner over kap. 1500, post 21 til dette prosjektet.

DFD ber om å bli halde orientert om arbeidet undervegs og før lansering. Kontaktperson i DFD: Jarl Kristen Fjerdingby.

5.2.3 Notifisering av ny breibandsstøtteordning

Av dette tildelingsbrevet går det fram at Nkom, i samråd med DFD og fylkeskommunane, skal gjennomføra notifisering av ny ordning for breidbandstilskot i Noreg, basert på måla som er lagde fram i digitaliseringsstrategien.

Nkom blir med dette tildelt 500 000 kroner over kap. 1541, post 22 til utgreiing i samband med dette arbeidet.

DFD viser elles til avtalt prosess og involvering av DFD i denne. Kontaktperson i DFD: Halvor Ødegaard.

5.2.4 Vurdering av implementering av GIA

Av supplerande tildelingsbrev nr. 3 for 2024 går det fram at Nkom skal bidra i DFD sitt arbeid med forordninga Gigabit Infrastructure Act, og at arbeidet vil halde fram i 2025.

Nkom blir med dette tildelt 500 000 kroner over kap. 1541, post 22 til utgreiing i samband med dette arbeidet.

DFD viser elles til avtalt prosess for arbeidet. Kontaktperson i DFD: Karin Skyllingstad.

6 Fullmakter

Departementet delegerer budsjettmessige fullmakter til Nkom for budsjettåret 2025 som omtalt nedanfor.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene Nkom har fått delegert i instruks av 30.01.2025.

6.1 Fullmakt til å fatta enkeltvedtak og gi forskrift om berekning og betaling av avgift til statskassa for bruk av frekvensar og løyve til bruk av 5-sifret nummer

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2024–2025), jf. Innst. 3 S (2024–2025), vedtok Stortinget 13. desember 2024 følgande:

“Vedtak om frekvens- og nummeravgift for 2025

§ 1 Fra 1. januar 2025 skal det i henhold til ekomloven betales avgift til statskassen for bruk av frekvenser til drift av system for mobilkommunikasjon (frekvensavgift) med følgende beløp per MHz (frekvensdupleks) disponert båndbredde:

- 450 MHz-båndet	kr 1 529 000
- 700- MHz-båndet	kr 1 743 000
- 800 MHz-båndet	kr 1 743 000
- 900 MHz-båndet	kr 1 743 000
- 1800 MHz-båndet	kr 1 743 000
- 2,1 GHz-båndet	kr 1 612 000

§ 2 For 2025 skal det i henhold til ekomloven betales avgift til statskassen for tillatelse til bruk av femsifrede nummer (nummeravgift) med følgende beløp per nummer:

- Kategori A	kr 171 470
- Kategori B	kr 122 170
- Kategori C	kr 93 980
- Kategori D	kr 65 810
- Kategori E	kr 30 580
- Kategori F	kr 3 810

§ 3 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet kan fatte enkeltvedtak og gi forskrift om beregning og betaling av avgiften."

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet delegerer disse fullmaktene til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

6.2 Fullmakt til å innhenta inntekter ved tildeling av løyve

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2024–2025), jf. Innst. 5 S (2024–2025), vedtok Stortinget 19. desember 2024 følgende:

"Inntekter ved tildeling av tillatelser for 2025

§ 1 Fra 1. januar 2025 kan det med hjemmel i ekomloven kreves vederlag til statskassen ved tildeling av tillatelser.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet kan gi forskrift om beregning og betaling av beløpet.»

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet delegerer denne fullmakta til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

6.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta gis på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3.

7 Rapportering og resultatoppfølging

7.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

Tidspunkter for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2025, og dessutan fristar for innspel i budsjettprosessane i 2025 og budsjettprosessane for seinare år, kjem fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

Nkom har ansvaret for å krevja inn auksjonsproveny og frekvensavgifter. Etaten skal ha system og god kontroll for denne inntektsoppfølginga, og skal sørge for god dokumentasjon av prosessane. DFD viser spesielt til at mobilselskapet Ice i 2020 fekk utsett betalinga av gjenståande auksjonsproveny etter auksjonen av frekvensar i 700 MHz- og 2,1 Ghz-banda i 2019 og frekvensavgifter for 2021 og 2022, jf. omtala i Prop. 1 LS (2020–2021) og Prop.194 LS (2020–2021), og dessutan at dei fire vinnarane i auksjonen av frekvensar i 2,6 GHz- og 3,6 Ghz-banda i 2021 har valt å betala auksjonsprovenyet i avbetalingar over fleire år. Departementet ber derfor om at det ved rapporteringar på budsjett- og rekneskapsstatus i 2025 i juni blir rapportert på status for innkrevjing av frekvensavgifter og auksjonsproveny.

7.2 Årsrapport og årsrekneskap

Nkom skal senda årsrapporten for 2025 til departementet innan 15. mars 2026, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstillast krava i Hovudinstruks for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Rapporten skal innehalda rapportering om måloppnåing, oppdrag og styringsparameterar omtalt i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2025 og pkt. 4. Vidare skal Nkom i årsrapporten for 2025 gjera greie for inntektsoppfølginga. For årsrapporten for 2025 skal det også rapporterast på fellesføringane, og nærare føringar for rapporteringa vil følgja av rundskriv, jf. pkt. 4.1 ovanfor.

Nkom skal senda ein korrekt, dekkjande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter han er send til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

8 Budsjettmessige føresetnader

Nkom har ansvar for å planleggja verksemda i 2025 slik at etaten kan nå måla innanfor løyvingssammene som er gitt i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

Nkom kan ikkje overskrida utgiftsløyvingane eller bruka dei til andre formål enn føresett av Stortinget, jf. løyvingreglementets § 5. Unntaket er viss det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 6 i dette brevet.

Nkom har ansvaret for å setja i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auka løyvinga. Departementet føreset at Nkom rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadene omgåande.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Christina Christensen
avdelingsdirektør

Vedlegg (1):
Styringskalender for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i 2025.

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet

Vedlegg 1

Styringskalender for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet for 2025

Måned	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Rapportering til statsregnskapet ¹	januar 2025
Februar	Innspel til RNB 2025	21.02.2025
Mars	Etatsstyringsmøte 1/2025	04.03.2025
	Årsrapport for 2024	14.03.2025
Mai	Innspel til rammefordeling 2026	02.05.2025
	Innspel til Prop. 1 S for 2026	02.05.2025
	Budsjett- og rekneskapsstatus per 30.4 med prognose ut året	16.05.2025
Juni	Etatsstyringsmøte 2/2025, inkl. status og risikovurdering for hovedprioriteringar og oppdrag i tildelingsbrevet	04.06.2025
	DFD oversender utkast til tekst til Prop. 1 S for 2026	27.06.2025
Juli	Ev. varsel frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet om behov for større endringar i 2. halvår 2025, nysalderinga	30.06.2025
September	Innspel til nysaldert budsjett 2025	23.09.2025
Oktober	Tertialrapport 2. tertial, inkl. budsjett- og rekneskapsstatus per 31.8 med prognose ut året	01.10.2025
	Etatsstyringsmøte 3/2025 i Lillesand	24.10.2025
	Innspel til tildelingsbrev for 2026	24.10.2025
November	Innspel til nye satsingar og innsparingsforslag for 2027	31.10.2025
	Møte om tildelingsbrev 2026	21.11.2025
Desember	Innspel til konsekvensjustering for 2027, og spesifisering av 01-posten, fordelt på 01-1 og 01-2.	01.12.2025

¹ Retningslinjer for årsavslutningen for 2024 mv. er gitt i rundskriv R-8/2024, oversendt ved brev av 26.11.2024.